

Helse Førde (HF) v/Arve Varden
Postboks 1000
6807 FØRDE

Helse Førde -styret v/styrelisar Ole Gunnar Krakhellen

Årdal kommune v/ rus og psykiatritenesta
Statsråd Evensensveg 2-4
6885 Årdalstangen

Uttale til Helse Førde sitt forslag om nedlegging av Tronvik

Føreslegen nedlegging av Tronvik vil redusere talet på tilgjengelege døgnplassar i behandling. Me ute i kommunane opplever at det er vanskeleg pr i dag for denne brukargruppa å få plass og denne nedlegginga vil, etter vår oppfatning, føre til betydelege ventelister for dei som søker hjelp. Tronvik har i dag 15 behandlingsplassar. Dersom Tronvik vert lagt ned, sit vi att med 10 behandlingsplassar ved Nordfjord psykiatrisenter som er øyremerkt denne målgruppa i heile helseføretaket. Lengre ventelister aukar risikoen for rusrelaterte dødsfall medan pasientar ventar på nødvendig behandling. Det vil og truleg verte høgare terskel for å søkje døgnbehandling då ein veit at terskelen for å få hjelp vert svært høg.

Ei nedlegging vil føre til at poliklinisk behandling blir det einaste alternativet for dei som ikkje vert vurdert som «sjuke nok», og spesielt utfordrande for dei som treng ei meir omfattande hjelp i form av døgnbehandling.

Vi viser til Styringsdokumentet for Helse Førde av mars 2023, der det går fram som hovudmål 1:

« 1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Helseføretaka skal bidra til at menneske med psykiske lidingar og rusmiddelproblem får gode og likeverdige tenester, uavhengig av geografi,» går det fram av dokumentet.

Med ei slik nedlegging av Tronvik er det det motsette som skjer. For mange kan det vere svært utfordrande å ta imot polikliniske tenester, fordi det mellom anna krev reise til og frå poliklinikk for å sikre kontinuitet og utbytte av behandlinga. Dette samsvarar ofte dårleg med dei behova som målgruppa har, der både døgnrytme og rusinntak gjer det svært utfordrande å stå i denne behandlinga. Behandlinga krev tvert i mot fleksibilitet og individuell tilpassing.

Samstundes som det er foreslått nedlegging av Tronvik er vi og kjent med at Helse Vest kuttar ytterlegare i høve denne pasientgruppa ved å leggje ned ROP – posten i Helse Bergen. Omgrepet ROP er som kjent ei samlenemning for «samtidig ruslidning og psykisk lidning». ROP- posten på Dr. Martens i Sandviken i Bergen, vart opna i januar i år med 8



sengeplassar. Der målsetting (jf Helse Bergen sine heimesider) er å auka til 16 sengeplassar i neste fase. Så skjer det motsette av ei utviding, altså ei nedlegging av dei 8 sengeplassane. ROP- posten har målsetting om å gi heilskapleg oppfølging av pasientane med alvorlege psykiske vanskar og samstundes rusproblematikk.

Nedlegginga av ROP - posten saman med forslaget om nedlegging av Tronvik, gjer oss svært uroa for målgruppa som sårt treng desse tilboda.

Når forslaget om nedlegging av Tronvik eventuelt trer i kraft som foreslått frå 01. april 2024, vert og presset på kommunane og deira tenester ytterlegare forsterka i forhold til målgruppa. Kommunane opplever at Helseføretaket kan legge ned eller endre sine tilbod nærast over natta medan kommunane ikkje har same moglegheit til å sette grenser for dei tenestene som da blir forventa ute i kommunane, både frå helseføretaket sjølv og innbyggjarane. Brukarar som treng individuelle løysingar i tilpassing mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, vil i liten grad få det. Dette vil ikkje lenger kunne la seg gjennomføre på grunn av mangel på ressursar og tenester.

Parallelt med forslaget om kutt i døgntilbodet, har vi dessverre ikkje sett ei tilsvarande oppbygging av ambulante tenester. Det uroar oss sterkt. Det fører til større ulikskapar i tilbodet til pasientgruppa innan same helseføretak. Dette er svært uheldig og kritisk for pasientane. Dette vil igjen påverke pårørande, lokalsamfunna, legetenester, psykiatritenester, heimesjukepleie og andre relevante tenester.

Vi oppmodar og helseføretaket om å ta kommunane, pårørande og brukarar med på råd når slike drastiske kutt vert føreslegne og det bør gå klart fram kva kompensierende tiltak som skal ivareta målgruppa.

Ut i frå vår ståstad som tilsette og ansvarlege for rustenesta og psykiatritenesta i Årdal kommune, er vi svært uroa over forslaget og oppmodar på det sterkaste om å bevare Tronvik. Forslaget slik det ligg føre saman med ytterlegare kutt i Helse Vest, fører til ei rasering av behandlingstilbodet. Det er ingen tent med. Aller minst brukarane og deira pårørande, men og samfunnsøkonomisk er dette ei svært dyr og uforsvarleg løysing. Vi oppmodar på det sterkaste om at Tronvik får halde held fram med døgntilbodet.

Årdalstangen 19.12.23
Med helsing Årdal kommune

Mette Hestetun Berg
Kommunalsjef helse- omsorg og nav

Kristiane Laberg Seim
Avd.leiar psyk.helse

Silje Berge
Fagleiar rus